Forskrift for innsamling mv. av hushaldsavfall i Ullensvang kommune.

1 INNLEIANDE FØRESEGNER

§ 1-1 FØREMÅL

Føremålet med forskrifta er å sikre ei forsvarleg handtering av hushaldsavfallet i samsvar med lovpålagte krav til miljø, helse, tryggleik og god økonomiforvaltning. Ho skal bidra til å realisere dei pliktene som er gjevne kommunen ved lov, og dessutan nå dei måla som kommunen til ei kvar tid har nedfelt i planane sine eller er pålagd av nasjonale styresmakter.

Forskrifta skal bidra til å fremje målet til kommunen om å redusere mengda avfall og leggje til rette for betre utnytting av avfall som ressurs, med særleg vekt på gjenvinning, reduksjon av restavfall og sirkulærøkonomi. Forskrifta skal bidra til å fremje kommunen sine mål, strategiar og tiltak for betre klima og miljø, og samtidig sikre renovasjon som samfunnskritisk infrastruktur. ‘ Forskrifta skal og hindre ulovleg innsamling av hushaldsavfall.

§ 1-2 VERKEOMRÅDE

Forskrifta gjev føresegner om handtering av hushaldsavfall, og gjeld alle registrerte eigedomar i Ullensvang kommune der det oppstår hushaldsavfall.

Næringsavfall er ikkje omfatta av denne forskrifta.

Forskrifta omfattar heller ikkje utsetjing av avfallsbehaldarar, tømming og opprydding i tilknyting til utsalsstader, turistanlegg, utfartsstader, langs offentlege vegar m.m. Det blir her vist til avgrensingane i forureiningslova §§ 35 og 36.

Forskrifta gjev òg avgjerder om avfallsgebyr.

Kommunen kan utarbeide nærare retningslinjer for gjennomføring av føresegnene i forskrifta.

§ 1-3 DEFINISJONAR

I denne forskrifta blir følgjande definisjonar nytta:

Abonnent: Eigar eller festar av eigedom kor det oppstår hushaldsavfall.

Avfall: Lausøyregjenstandar eller emne som nokon har kassert, har til føremål å kassere eller er plikta å kassere. Avløpsvatn og avgassar blir ikkje rekna som avfall.

Brukar: Den som disponerer behaldar eller brukar felles behaldar på vegne av ein abonnent.

Djupoppsamling: Sentrale anlegg for fleire abonnentar med nedgreven behaldar/storsekk som vert tømd med ein kunngjort tømmefrekvens.

Farleg avfall: Avfall som kan føre til forureining eller fare for skade på menneske eller dyr, jfr Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (Avfallsforskrifta) av 01.06.2004 nr 930 §11-2.

Gjenvinningsstasjon/miljøstasjon: Kommunalt mottak for levering av grovavfall, elektrisk og elektronisk avfall, farleg avfall, og dessutan avfall som ikkje er del av henteordninga.

Hentestad: Der oppsamlingseining skal vere plassert når kommunen hentar avfallet.

Hushaldning: Alle typer bustadar (bueiningar) med privat hushalding (einebustad, rekkehus, fleirmannsbustad, leiligheit, hybel ol.), også bustadar (bueiningar) som ikkje nyttast regelmessig, medrekna hytter, fritidshus, campingvogn, brakke og spikartelt med oppstilling i 3 månader eller meir. Ein bustad (bueining) blir definert som privat hushald når den i hovudsak er eigna til å bidra til å gi bebuarane rom for kvile og høve til matstell. Dette omfattar også studenthyblar, rom i bukollektiv eller tilsvarande bustad (bueining) som gir tilgang til kjøkken eller anna innretning for matstell og med mogelegheit for kvile.

Hushaldsavfall er avfall frå private hushald, medrekna større gjenstandar som inventar og liknande.

Næringsavfall Avfall frå offentlege og private verksemder, institusjonar, lag, foreiningar m.fl. Alt avfall som ikkje er hushaldsavfall blir sett på som næringsavfall.

Oppsamlingseining: Behaldar, sekk, container eller djupoppsamling som kommunen til ei kvar tid godkjenner til bruk i sin innsamlingsverksemd.

RT- plan: Renovasjonsteknisk plan er ein heilskapleg plan for korleis praktisk renovasjon skal setjast i verk og gjennomførast. Denne vert utarbeidd av tiltakshavar i samsvar med RT- norma.

RT- norm: Renovasjonsteknisk norm for Ullensvang kommune dannar grunnlaget for krav til standard på renovasjonsløysingar i kommunale utbyggingsavtalar og i høve til private utbyggjarar. Norma klargjer også kva for fysiske og tekniske krav som vert stilt til oppsamlingsplass, henteplass og oppstillingsplass for renovasjonsbil.

For fleire definisjonar vert det vist til Renovasjonsteknisk norm for Ullensvang kommune.

Samleplassar: Plassar der abonnentar som ikkje har oppsamlingseiningar tilknytt eigen eigedom bringer sitt kjeldesorterte avfall

Sortering: Når hushaldsavfall av lik kvalitet/eigenskap, som til dømes farleg avfall, glasemballasje, elektrisk og elektronisk avfall, plastemballasje, papp og papir etc. vert lagt i ulike oppsamlingseiningar heime hjå forbrukaren, på samleplassane eller på gjenvinningsstasjonen.

§ 1-4 Renovasjonsteknisk norm (RT- norm)

Kommunen kan med heimel i denne forskrifta gjere vedtak om renovasjonsteknisk norm (RT-norm) for ei best mogleg gjennomføring av nasjonal lovgjeving og forpliktande internasjonale vedtak.

§ 1-5 Renovasjonsteknisk plan (RT- plan) og plansak i kommunen

Ved nybygg og omfattande fornying/rehabilitering av eksisterande bustad/område (som treng løyve frå bygningsmynde) skal det lagast ein RT-plan, som skal godkjennast av verksemd for renovasjon. Godkjenningsbrevet skal fylgje søknad om byggeløyve.

Planavdelinga i kommunen skal involvere verksemd for renovasjon i plansaker som omfattar renovasjonsfaget.

2 ANSVARET TIL KOMMUNEN

§ 2-1. Ullensvang kommune sin rett og plikter

Kommunen skal etter forureiningslova § 30 sørgje for innsamling av hushaldsavfall.

Kommunen skal leggje til rette for god avfallshandtering, samle inn hushaldsavfall i tråd med forureiningslova og levere gode tenester for innsamling av hushaldsavfall. Innsamling skal skje på ein slik måte at det ikkje er til unødig sjenanse.

Kommunen skal leggje til rette for avfallsreduksjon og materialgjenvinning, her under kjeldesortering og utsortering av avfall i samsvar med gjeldande krav for dette, og for å oppnå dei overordna målsetjingane til kommunen for avfallsreduksjon og auka materialgjenvinning.

§ 2-2. Oppsamling, innsamling og transport av hushaldsavfall

Kommunen skal sørge for innsamling av hushaldsavfall på hentestad. Kommunen skal sørge for at abonnentar som ikkje har oppsamlingseiningar tilknytt eigen eigedom, skal kunne bringe avfallet til samleplass. Kommunen overtek eigarskapen til avfallet idet avfallet er tømt over i renovasjonsbil.

Avfall som det ikkje blir gitt tilbod om oppsamlingseiningar for på abonnentens hentestad, skal kunne bringast til gjenvinningsstasjon/miljøstasjon eller annan eigna oppsamlingsstad som kommunen bestemmer. Kommunen skal sørge for anskaffing og utlevering av oppsamlingseiningane, og sørger for vedlikehald og fornying av oppsamlingseiningane. Oppsamlingseiningar som ikkje er kommunale, og tilrettelegging rundt dei, er abonnenten sitt ansvar (eigar/fester, inkl. burettslag/sameige).

Storleik, type og tal på oppsamlingseiningar blir bestemt av kommunen og tilpassa abonnenten sitt behov/behovet på samleplassen innanfor kommunen sine tilgjengelege standardløysningar. Burettslag eller andre abonnentar som ynskjer å gå saman om felles oppsamlingseiningar, må ha samtykkje frå kommunen.
Ingen må etablere avfallssugeanlegg eller djupoppsamling for hushaldsavfall utan kommunen sin godkjenning. Kommunen skal delta i planlegginga av slike anlegg. Slike anlegg skal kostast og etablerast av utbyggjar eller brukarar av anlegget. Vilkåra for overtaking kan bli regulert i eigen avtale mellom brukar og kommunen.

Hushaldsavfallet blir normalt henta med fastsett intervall. Intervallet vert fastsett av kommunen og vert angjeve i tømmekalender. Kommunen kan avgjere at avfallet i staden blir henta ved behov. Kommunen kan fråvike frå normalt henteintervall i samband med heilagdagar eller ved uførutsette hendingar.

Kommunen er pliktig til å ta med avfall som er plassert i oppsamlingseininga, så lenge avfallet tilfredsstiller dei til ein kvar tid gjeldande krav til sortering og dei andre føresegna i denne forskrifta. Kommunen har til ein kvar tid rett til å utføre kontroll på avfallet i oppsamlingseininga.

Tømming av oppsamlingseiningane skal skje på ein måte som fører med seg minst mogeleg ulempe med støy, lukt og søl. Etter tømming skal oppsamlingseininga setjast attende på plass med lukka lokk.

Kommunen kan gje pålegg om felles oppsamlingseiningar.

Kommunen skal halde abonnentane laupande orientert om endringar i renovasjonsordninga som har betydning for abonnenten.

3 PLIKTENE TIL ABONNENTEN

§ 3-1. Bruk av renovasjonstenesta

Abonnenten pliktar å vere med i den kommunale renovasjonsordninga for hushaldsavfall. Abonnenten skal følgje dei til ei kvar tid gjeldande reglar for renovasjonsordninga.

Abonnenten har plikt til å melde frå til kommunen ved feil/skader på oppsamlingseiningar.

Abonnenten er den økonomiske ansvarlege parten i høve til kommunen. Eventuelle endringar i abonnentstilhøva skal straks meldast til kommunen. Det same gjeld dersom kommunen ikkje overheld sine plikter.

Deler av abonnenten sine plikter kan i samråd med kommunen overførast til eigarlag, burettslag o.l. som har felles oppsamlingseiningar.

Abonnenten pliktar å sortere avfall slik kommunen angjev. Avfall skal anten plasserast i angjeve oppsamlingseining på hentestad/samleplass eller fraktast til gjenvinningsstasjon. Avfallet kan bli manuelt kontrollert av kommunen.

Abonnenten kan haldast økonomisk ansvarleg for aktlaus bruk av oppsamlingseining.

Dersom abonnent og brukar ikkje er same juridiske person, er brukaren sine plikter dei same som abonnenten sine, med unntak av det økonomiske forholdet til kommunen.

Personar eller verksemder som kjem inn under definisjonen av abonnent og/eller abonnenteining etter denne forskrifta, er plikta til straks å melde frå til kommunen dersom personen eller verksemda ikkje står i gebyrregisteret for avfall.

Abonnenten er ansvarleg for at avfall som han vil halde konfidensielt vert makulert.

§ 3-2. Plassering av oppsamlingseining tilknytt eigen eigedom

Abonnentar kan ha eigne oppsamlingseiningar tilknytt eigen eigedom, dersom krav til køyreveg og hentestad er tilfredsstilt.

Abonnenten bestemmer sjølv kvar oppsamlingseiningane skal plasserast utanom tømmedagane. Dersom oppsamlingseiningane til dagleg er plassert annan stad enn hentestad, er abonnenten ansvarleg for å bringe dei fram til hentestad innan kl. 07:00 på hentedagen.

Hentestad skal i størst mogleg grad vere i nærleiken av eigen eigedom. Ved ynskje om hentestad på annan mann sin grunn, er dette å sjå på som eit privatrettsleg forhold, der kommunen ikkje er part.

For at oppsamlingseiningane skal vere minst mogeleg til ulempe for naboar med omsyn til søl og lukt, skal dei plasserast slik at dei er verna mot ver, vind og skadedyr. Bruken av

oppsamlingseiningane skal ikkje medføre forureining eller fare for skade på menneske eller dyr. Plasseringa må i tillegg ikkje vere i strid med denne forskrifta, plan- og bygningslov, grannelov, veglov eller andre relevante lover eller forskrifter.

Hentestad skal vere så nær køyrbar veg som mogeleg, og maksimalt 5 meter unna.

Hentestaden skal vere lett tilgjengeleg på eit plant og fast underlag på bakkenivå. Det skal setjast av nok areal til oppsamlingseiningane og tilkomsten skal vere fri for hindringar som kan gjere hentinga vanskeleg, slik som trapper, tersklar, nivåforskjell mellom platting og bakkenivå og andre hindringar som parkerte bilar, syklar, barnevogner, klessnorer, brøytekantar osv. Dersom renovatøren må passere dører eller portar, må desse utstyrast med stopparar som låser døra eller porten i open stilling.

Abonnenten sin hentestad skal godkjennast av kommunen.

§ 3-3. Krav til køyreveg for oppsamlingseiningar tilknytt eige eigedom

Køyreveg er vegen renovasjonsbilen må køyre for å tømme oppsamlingseiningane. Køyrevegen skal vere dimensjonert for tunge køyretøy, skal anten ha snuplass eller vere gjennomgåande, frihøgde på 4,0 meter og renovasjonsbilane skal kunne køyre henterutene på ein lovleg og forsvarleg måte.

Om vinteren må vegen og eventuell snuplass vere brøytt og om naudsynt strøydd, og vegen skal vera sikra med rekkverk der det er behov. Vegen skal godkjennast av kommunen.
Vegen skal heile året vere tilfredsstillande vedlikehalde. Dersom tilkomsten vert hindra av parkerte bilar, manglande vedlikehald, busker og tre og/eller manglande snøbrøyting eller liknande, er abonnenten pliktig til å bringe avfallet til næraste hentestad tilvist av kommunen, eller ta vare på avfallet på ein forsvarleg måte til neste henting.

Dersom rute for renovasjonsbil ved innsamling av hushaldsavfall skal kunne opprettast/forlengast, må det vere fleire abonnentar langs den endra ruta. Avstanden mellom dagens hentestad og ynskt hentestad må vera større enn 150 m. Søknad om oppretting/forlenging av rute skal vurderast og godkjennast av kommunen.

§ 3-4. Bruk av oppsamlingseining for abonnentar med oppsamlingseiningar tilknytt eigen eigedom

Det skal berre nyttast oppsamlingseiningar som er utplassert eller godkjent av kommunen. Bruk av andre oppsamlingseiningar er ikkje tillete. Oppsamlingseiningane er registrert på den einskilde eigedom og skal ikkje flyttast ved skifte av abonnent/brukar.

Ved misbruk/aktløyse som skadar oppsamlingseiningane, skal abonnenten betale kostnaden med ny oppsamlingseining.

Oppsamlingseiningane må berre nyttast til oppsamling av avfall som er i samsvar med kommunen sine ordningar og denne forskrifta. Avfall som kan skade oppsamlingseining, renovatør eller renovasjonsutstyr skal ikkje leggjast i oppsamlingseininga.

Oppsamlingseiningane må ikkje overfyllast, og avfallet må ikkje pakkast så fast i oppsamlingseininga at den vert vanskeleg å tømme. Loket skal kunne lukkast tett inntil, og oppsamlingseiningane tømmast utan søl. Abonnent/brukar er ansvarleg for at avfallet ikkje er frose fast og dermed ikkje let seg tømme.

Abonnent/brukar er ansvarleg for reinhald av oppsamlingseiningane og skal sørge for nødvendig reinhald på hentestad. På vinterstid skal abonnenten sørge for snørydding og strøing på hentestad slik at oppsamlingseininga er lett tilgjengeleg og at denne ikkje er frose fast.

Ved framsetjing av avfall til henting er abonnenten ansvarleg for førebygging av forsøpling som fylgje av ver og vind.

§ 3-5. Bruk av samleplassane

Det er berre hushaldsabonnentar som ikkje har oppsamlingseiningar registrert på eigen eigedom som har lov til å nytte samleplassane.

Oppsamlingseiningane må berre nyttast til oppsamling av avfall som samsvarer med kommunen sine ordningar og denne forskrifta. Avfall som kan skade oppsamlingseining, renovatør eller renovasjonsutstyr skal ikkje leggjast i oppsamlingseininga.

Oppsamlingseiningane må ikkje overfyllast, og avfallet må ikkje pakkast så fast i oppsamlingseininga at den vert vanskeleg å tømme. Loket skal kunne lukkast tett inntil, og oppsamlingseiningane kunne tømmast utan søl. Avfall skal ikkje leggjast på utsida av oppsamlingseiningane.

§ 3-6 Heimekompostering

Hageavfall kan komposterast i eigen hage der det ligg til rette for dette.

På eigedommer med primærbustad kan Ullensvang kommune, der det ligg til rette for det, gi løyve til kompostering av bioavfall (herunder matavfall) i isolert og tett komposteringsbehaldar (herunder bookashi). Heikompostering kan gi grunnlag for reduksjon i gebyr.

Heimekompostering av matavfall kan kun skje etter skriftleg avtale med Ullensvang kommune. Dersom abonnentane opptrer i strid med avtalen, kan tillatelsen til heimekompostering trekkast tilbake.

All kompostering skal skje på ein hygienisk tilfredsstillande måte, og utan sjenanse for naboar m.v. Avhending av matavfall i kaldkompost, til dyrefor eller saman med anna avfall frå gardsdrift, er ikkje å ansjå som godkjend komposteringsløysing.

Kommunen kan føre tilsyn for å sikre at heimekompostering skjer i tråd med gjeldande krav.

4 GEBYR M.V.

§ 4-1 Fastsetjing og innkrevjing av gebyr

Abonnenten er pliktig til å betale renovasjonsgebyr til kommunen.

Renovasjonsgebyret vert årleg fastsett av kommunen i eige gebyrvedtak, etter reglane om sjølvkost, jf. sjølvkostforskrifta FOR-2019-12-11-1731.

I samsvar med Forureiningslova § 34 skal kommunen fastsetje avfallsgebyr som fullt ut dekkjer alle kostnader med avfallsbehandlinga. Kommunen vedtek betalingsregulativ for gebyr (Jf. «Betalingsregulativ for gebyr etter Forureiningslova § 34»). For å fremje avfallsreduksjon, kjeldesortering og gjenvinning kan det innførast differensierte gebyrsatsar. Gebyr for mottak på gjenvinningsstasjon/miljøstasjon kan krevjast.

Ullensvang kommune vedtek gebyrregulativ for denne forskrifta i samband med handsaming av årsbudsjettet.

Ved registrering av ny abonnent, eller ved endring av eksisterande abonnement vert endringa rekna frå den 1.ste i neste månad etter at endringa er godkjent av kommunen. Tilsvarande vert gebyret rekna fram til den siste dagen i månaden der gebyrplikta vert avslutta.

Gebyr med tillegg for løypande renter og kostnader er sikra ved lovbestemt pant etter panteloven § 6-1. Om renteplikt ved for sein betaling og inndriving av avfallsgebyr gjeld reglane i lov av 6.juni 1975 nr. 29 om eigedomsskatt til kommunane §§ 26 og 27 tilsvarande.

§ 4-2. Feil gebyrgrunnlag

Dersom det viser seg at ein registrert abonnent ikkje har meldt frå om gebyrpliktige abonnementseiningar eller endring i gebyrplikta som medfører tillegg i gebyret, kan kommunen krevje gebyr frå inntil tre år før tilhøvet vart oppdaga/registrert.

§ 4-3. Dispensasjon

Kommunen kan etter søknad midlertidig frita einskilde eigedomar frå ordninga etter fylgjande reglar:

For bustader som står tomme i minst 6 månader, kan det gis fritak for inntil 1 år av gangen.

Dersom midlertidig fritak blir innvilga, får abonnenten automatisk fritak frå plikta til å betale for heile eller deler av renovasjonsgebyret for fritaksperioden. Kommunen avgjer om utleverte behalderar skal hentast inn i fritaksperioden, og kan berekne gebyr for inn- og utkjøyring av behalderar.

Kommunen gjev ikkje fritak for renovasjonsgebyr på fritidsbustader, med mindre bustaden skal rivast, eller er kondemnabel.

Blir bustader tatt i bruk før fritaksperioden utløp, skal kommunen varslast omgåande.

Med søknaden skal det fylgje grunngjeving, gnr./bnr. for eigedomen og underskrifta til heimelshavar/festar.

5 KOMMULAT SAMTYKKJE TIL INNSAMLING AV HUSHALDSAVFALL

§ 5-1 Krav om samtykkje

Innsamling av hushaldsavfall krev samtykkje frå kommunen.

Krav om samtykkje gjeld også for transport frå eigedomen til mottaksanlegg, herunder gjenvinningsstasjon, når dette vert utført av ein profesjonell transportør.

Forskrifta gjeld innsamling av hushaldsavfall og omfattar ikkje innsamling til ombruk.

§ 5-2 Vilkår for samtykkje til innsamling av hushaldsavfall

Den som skal samle inn hushaldsavfall må være eit registrert føretak, og det lyt være eigna til å utføre den innsamlinga det vert søkt om.

Samtykkjet til å samle inn hushaldsavfall kan ikkje overdragast.
Samtykkje til innsamling av hushaldsavfall vert gjeve for ein tidsgrensa periode.

Sjølv om vilkåra for å få samtykkje er oppfylde, kan kommunen nekte samtykkje dersom kommunen si moglegheit for økonomisk og rasjonell drift vert redusert.

§ 5-3 Krav til utføring av oppgåva

Innsamling av hushaldsavfall skal skje i samsvar med forureiningslova og anna relevant regelverk for oppbevaring, innsamling og transport av avfall.

Innsamla hushaldsavfall skal transporterast til godkjent mottak utan ugrunna opphald.

Den som mottek samtykkje, skal rapportere kva for avfallstypar som vert samla inn og omfanget av innsamlinga. Kommunen fastset krav til innhald og gjennomføring av rapporteringa.

Den som mottek samtykkje, er ansvarleg for den skade verksemda påfører kommunen eller tredjepart under utføring av innsamling som det er gjeve samtykkje til.

§ 5-4 Krav til søknaden

Søknad skal være skriftleg og må innehalde opplysningar om søkjar og utføringa som gitt i eigne retningsliner. Søknaden skal sendast til Renovasjonsverksemda.

Søknaden skal innehalde ei stadfesting om at søkjar vil overhalde dei krav som vert stilt til innsamling og rapportering i denne forskrifta.

§ 5-5 Moglegheit til å trekkje tilbake samtykkje

Kommunen kan trekkje tilbake samtykkje dersom:

a) Innsamling og handsaming ikkje skjer i samsvar med samtykkjet og gjeldande regelverk.

b) Føresetnadane for samtykkjet vert endra slik at innsamling i regi av den som har motteke samtykkjet reduserer kommunen si mogelegheit for økonomisk og rasjonell drift.

c) Det vert endringar i offentlege reglar og krav som verkar inn på tildeling av samtykkje.

d) Det føreligg tilhøve hjå den som har motteke samtykkje som ville gitt grunnlag for avvising etter reglane for offentlege anskaffingar.

Opplistinga er ikkje uttømmande.

Dersom eit samtykkje til å samle inn hushaldningsavfall skal gjerast om til ugunst for den som har motteke eit slikt samtykkje, skal det vurderast om det etter tilhøva vil være eit uforhaldsmessig inngrep.

§ 5-6 Tilsyn og kontroll med verksemder som har samtykkje til innsamling av hushaldningsavfall.

Kommunen skal føre tilsyn og kontroll med verksemder som har fått samtykkje til innsamling av hushaldsavfall. Tilsyn og kontroll skal skje innanfor rammene av forureiningslova kapittel 7.

6 TILSYN, KONTROLL OG SANKSJONAR

§ 6-1 Tilsyn og kontroll

Kommunen kan gjere tilsyn og kontroll for å sikre gjennomføring av avgjerdene i denne forskrifta.
Kommunen kan kontrollere avfall som blir levert via hente- eller bringeordning, eller direkte til miljøstasjon
Kommunen kan påleggje den som leverer avfallet å dokumentere at avfallet er hushaldsavfall, og dessutan å gje opplysingar om innhaldet og opphavet til avfallet.

Kommunen kan kontrollere dokumentasjon og opplysingar som er lagt fram. For å lette kontroll skal avfall som blir levert på gjenvinningsstasjon vere sortert og synleg for kommunen sine rettleiarar.

§ 6-2 Sanksjonar og straff

Ved brot på reglar i denne forskrifta eller vedtak gjort i samsvar med

denne forskrifta kan kommunen sørge for gjennomføring av nødvendige tiltak.

Kommunen kan gi pålegg om auka behaldarvolum, auka tømmeavgift, opprydding og

ettersortering av avfallet. Ekstrakostnader knytt til slike tiltak må betalast av abonnenten

etter sjølvkost. Brot på forskrifta kan utover dette straffast med bøter, jf.

Forureiningslova § 79, 2. ledd.

7 ADMINISTRATIVE FØRESEGNER

§ 7-1 Delegert avgjerdsmakt til å fatta enkeltvedtak m.m.

Kommunen har heimel til å fatta enkeltvedtak etter denne forskrifta, jf. forureiningslova § 83 andre ledd. Reglane i forvaltingslova gjeld for behandling av saker etter denne forskrifta.

§ 7-2 Klagerett

Klage på enkeltvedtak med heimel i denne forskrifta blir fremja for kommunen. Dersom kommunen held fast på vedtaket, blir klaga sendt over til den kommunale klagenemnda.

Vedtaket til klagenemnda kan ikkje klagast på, men kan bringast inn for dei alminnelege domstolane.

8 AVSLUTTANDE FØRESEGNER

§ 8-1. Forholdet til helseforskrifter

All handtering av avfall i samsvar med denne forskrifta skal til ei kvar tid skje i samsvar med vilkår gjeve av sentrale og lokale helsemyndigheiter.

Dei lokale helsemyndigheitene har ansvar for å sjå til at avfallsbehandling skjer i samsvar med helseforskrifter, og kan på sjølvstendig grunnlag fastsetje vilkår som sikrar hygienisk oppbevaring og disponering av avfallet.

§ 8-2 Ikraftsetjing

Denne forskrifta trer i kraft frå og med kunngjering i Norsk Lovtidende. Frå same tid opphøyrer Forskrift for innsamling mv. av hushaldsavfall og tømming av slamavskiljarar, privat, tette tankar m.v. og for avfallsgebyr i Odda kommune av 15.03.00, sist endra 01.01.2013.